



## SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Marianne Soleng	Arkivkode: FE-033
Arkivsaksnr: 18/1159	Løpenr: 18/7085
Sakstype: Politisk sak	

### SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Kommunestyret	13.09.2018	032/2018

### Faste saker

#### 13.09.2018 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

#### Godkjenning av innkalling og sakliste

Det var ingen merknader til innkallinga eller saklista.

Ordførar Knut Harald Frøland (Bl) foreslo at kurset om samfunnsansvar og antikorrupsjon ikkje vart streama på internett. Kommunestyret slutta seg til dette forslaget.

#### Eventuelle merknader til protokoll frå førre møte

Det var ingen merknader til protokollen frå førre møte.

#### Kurs i samfunnsansvar og antikorrupsjon

Kurset vart halde av advokat John Hadler-Olsen (Deloitte Advokatfirma AS) kl. 16.20 - 17.35. Lysarka frå kurset følgjer som vedlegg til møteprotokollen.

### Orienteringssaker:

#### Sjukefråværstatistikk

Rådmann Charlotte Hageberg orienterte om sjukefråværet i kommunen, som er markert lågare enn i 2017. Sjukefråværet i august 2018 var 3,71%.

#### Status overføring av kommunen si IKT-drift til IKT Nordhordland

Rådmann Charlotte Hageberg orienterte om status i saka om overføring av kommunen sin IKT-drift til IKT Nordhordland. Det ser no ut til det blir ei forskyving med omsyn til når Samnanger kan gå inn i IKTNH. Sak om å ta opp nye medlemskommunar i IKTNH vil truleg koma opp i kommunestyra i IKTNH-kommunane i februar/mars/april 2019. I denne omgangen er det Samnanger, Austevoll og Gulen som er aktuelle som nye medlemskommunar.

#### Økonomi

Rådmann Charlotte Hageberg orienterte om at budsjettarbeidet til no viser at 2019 blir eit kjempetøft økonomisk år og at kommunen må kutta kostnader. Ho orienterte om at det er leigd inn

ein ekstern konsulent for å kartleggja drifta i alle einingane i kommunen (inkludert sentraladministrasjonen). Han skal ha intervju med alle einingane for å kartleggja drifta. Rapport frå kartlegginga vil truleg vera klar til midten av oktober. Nokre av funna/tilrådingane i rapporten kan kanskje takast inn i rådmannen sitt budsjettframlegg.

#### **Utvalet sitt kvarter:**

##### Avvik Totrævegen

Arild Røen (H) viste til informasjon i formannskapet 30.08.2018 om at verneombodet i teknisk drift har meldt inn avvik på vegen opp mot Totræna i forhold til brøyting komande vinter (verneombodet vil ikkje tillata at kommunalt tilsette brøytar vegen opp til skianlegget i Totræna komande vinter dersom ikkje eit parti på vegen blir utbetra). Arild Røen spurde om det er gjort noko i denne saka. Ordførar Knut Harald Frøland (Bl) orienterte om at han har vore i kontakt med ein representant frå idrettslaget om saka, og rådd dei til å ha dialog med eining for teknisk drift for å avklara kva tiltak som vil vera nødvendige. Ordføraren har også bedt om at politisk nivå får informasjon dersom det er behov for økonomiske midlar.

##### Sak om tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket

Øyvind Strømmen (Mdg) spurde sak om tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket kjem opp til politisk handsaming i Samnanger. Sture Tveit (H) orienterte om at naturutvalet allereie har hatt saka oppe til handsaming.

##### Status for tiltaka i trafikksikringsplanen

Brigt Olav Gåsdal (A) viste til den vedtekne trafikksikringsplanen. Han bad om at kommunestyret, for eksempel på neste møte, får ein løyperapport om framdrifta for tiltaka i planen. Ordførar Knut Harald Frøland (Bl) orienterte om at han i neste veke skal ha eit møte med administrasjonen om trafikksikringsplanen, der iverksetting av tiltaka i planen er tema.

##### Midlar frå Havbruksfondet

Odd Arne Haga (Frp) viste til oppslag i media om at kommunen vil få 2,3 millionar kroner frå Havbruksfondet, og spurde om dette er korrekt. Ordførar Knut Harald Frøland (Bl) stadfestat at kommunen vil få desse midlane.

##### Pensionistar som mobbeombod på skulane

Monica Tjønna (Sp) viste til ein skule i Asker som har har eit prosjekt der pensionistar er inne som mobbeombod på skulane. Ho foreslo at tilsvarende prosjekt blir vurdert også i Samnanger, og at frivilligsentralen blir involvert.

Samrøystes vedtak.

#### **KS- 032/2018 Vedtak:**

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent.
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering.

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent.
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering.

**Oversikt over faste saker:**

Godkjenning av innkalling og sakliste.

Eventuelle merknader til protokoll frå førre møte.

Delegerte vedtak/referatsaker.

Utvælet sitt kvarter.